



MØREFORSKING

# Årsrapport 2006




# Formål

Møreforskning skal gjennom kunnskapsutvikling på utvalde område medverke til utvikling og nyskaping i nærings- og samfunnsliv i regionen. Samstundes skal instituttet vere aktivt og konkurransedyktig i det nasjonale og internasjonale forskings-

systemet. Det skal leggest særleg vekt på å styrkje den innovative rolla i samarbeid med regionalt næringsliv og offentlig forvaltning.

# Organisasjon



Eit hovudstyre på ni medlemmer er det øvste organet i stiftelsen. Hovudadministrasjonen for stiftelsen ligg i Volda.

Frå 1.1.02 er Møreforskning organisert etter ein *konsernmodell*. Forskningsverksemda er lagt til dei to forskingsavdelingane *Møreforskning Volda* og *Møreforskning Ålesund* og dotterselskapet *Møreforskning Molde AS*. Aksjonærar i dotterselskapet er Møreforskning (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %).

## Hovudstyret i Møreforskning i 2006

### Medlemmer

Adm. dir. Odd Einar Folland (leiar)  
Ass.regional- og næringsdir. Bergljot Landstad  
Underdirektør Gerd Slinning  
Forskningsleiar Reidun Høydal  
Dekanus/styreleiar MFM AS Ottar Ohren  
Organisasjonsarbeidar Kjell Fevåg  
Direktør Knut Stenerud (nestleiar)  
Forskningsleiar Iren Stoknes  
Stipendiat Lars J. Halvorsen

### Personlege varamedlemmer

Dagleg leiar Solveig Strand  
Fylkesutdanningssjef Per Hoem  
Divisjonsdirektør Roar Tobro  
Førsteamanuensis Vilmar Æsøy  
Dagleg leiar Lasse Bræin  
Distriktssekretær Per Ørnulf Andersen  
Adm. dir. Torill Ytreberg  
Adm. leiar Else Ragni Yttredal  
Forskar Lage Lyche

### Oppnemnande instans

Møre og Romsdal fylke  
Møre og Romsdal fylke  
Noregs forskingsråd  
Høgskolane i Møre og Romsdal  
Møreforskning Molde AS  
Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
Næringslivets Hovedorg. (NHO)  
Avdelingane i Møreforskning  
Personalet i Møreforskning

## Hovudkontoret i Volda - administrasjonen i 2006

Direktør Bjørn Stave - Førstekonsulent Anne Aarskog (permisjon til 25.9.06) - Konsulent Linda Brekke (vikar til 22.9.06) - Konsulent Marit Eliassen

## Publisering i 2006

I 2006 hadde konsernet Møreforskning følgjande tal publikasjonar:

- Vitskaplege artiklar i periodika eller seriar med fagfellevurdering (ISSN-titlar): 12
- Vitskaplege artiklar i antologiar: 2
- Fagbøker, lærebøker eller andre sjølvstendige utgjevingar: 2
- Kapittel eller artiklar i fagbøker, lærebøker, konferanserapportar og fagtidsskrift: 5
- Rapportar i eigen rapportserie: 50
- Rapportar i ekstern rapportserie: 3
- Rapportar til oppdragsgivarar (konfidensielle sluttrapportar): 5
- Foredrag/framlegging av paper/poster: 65
- Populærvitskaplege artiklar og foredrag: 32
- Leiarar, kommentarar, meldingar, kronikkar og liknande publisert i tidsskrift, dagspresse: 19

Meir informasjon om publikasjonane finst på Møreforskings heimeside: [www.moreforsk.no](http://www.moreforsk.no).

# Årsmelding

## Generelt

Møreforsking er organisert etter ein konsernmodell. Konsernet er sett saman av *stiftelsen Møreforsking* og dotterselskapet *Møreforsking Molde AS*. Stiftelsen har dei to avdelingane *Møreforsking Volda* og *Møreforsking Ålesund* og eit hovudkontor lagt til eit sekretariat i Volda. Aksjonærar i dotterselskapet er stiftelsen Møreforsking (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %). Prinsippa for dotterselskapet si deltaking innanfor konsernet er regulert gjennom vedtekter og aksjonærvtale.

Det vart utført 39 årsverk ved konsernet Møreforsking i 2006. Årsverka fordelte seg med 9,0 på Møreforsking Volda, 14,5 på Møreforsking Ålesund, 2,2 på sekretariatet og 13,3 på Møreforsking Molde AS.

## Omorganisering

Stiftelsen Møreforsking er planlagt avvikla i løpet av første halvår 2007. Søknad om avviking er til behandling i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Når søknaden er godkjent, vil verksemda i stiftelsen bli vidareført i selskapet Møreforsking AS. Aksjekapitalen i det nye selskapet vil vere på kr 500 000 og aksjonærar er Møre og Romsdal fylke (40 %), Høgskolen i Molde (20 %), Høgskulen i Volda (20 %) og Høgskolen i Ålesund (20 %). Møreforsking Molde AS er dotterselskap i Møreforsking AS. Aksjonærar i dotterselskapet vil vere Møreforsking AS (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %).

Formålet med den nye organiseringa er å legge grunnlag for utvikling av eit samla sett sterkare og meir robust og konkurranse-dyktig forskingsmiljø i fylket enn det som er mogleg innanfor noverande stiftelse. Møreforsking har i mange år hatt eit nært samarbeid med høgskolane i fylket. Den nye organiseringa gir høgskolane eit eigarforhold til verksemda, noko som legg til rette for ytterlegare styrking av samarbeidet. Organiseringa gir m.a. eit godt grunnlag for ei samordning strategisk og praktisk av verksemda ved høgskolane og verksemda ved Møreforsking AS. Gjennom aksjonærvtalen mellom aksjonærane i selskapet er Møreforsking AS gitt ei sentral rolle innanfor samarbeidet ved at det er slått fast at "selskapet skal ha ei fagleg forankring i fagmiljøa ved dei tre høgskolane som er aksjonærar i selskapet og fungere som høgskolane sin hovudreiskap for handtering av eksternt finansiert forskning."

## Personale

I løpet av året var i alt 73 personar knytte til Møreforskings verksemd i heil- eller del-

tidsstilling eller på timebasis. Av desse hadde 45 Møreforsking som hovudarbeidsgivar medan 26 hadde hovudstilling ved ein av dei samarbeidande høgskolane. I den samla staben var det 10 med kompetanse som professor/forskar I og 21 med kompetanse som førsteamanuensis/forskar II. Seks av forskarane var i gang med vidareutdanning fram mot doktorgraden.

Det er praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar ved instituttet og det er i 2006 ikkje gjennomført spesielle tiltak på dette feltet.

## Arbeidsmiljø – ytre miljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har ikkje vore rapportert om skadar eller ulykker. Samla sjukefråvær i konsernet var på 1,86 årsverk eller 4,9 % av det samla talet på årsverk. For stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var sjukefråværet på høvesvis 6,0 % og 2,4 %.

Konsernet Møreforsking har ikkje aktivitet som har negative følgjer for det ytre miljøet.

## Fagleg verksemd

Forskningsverksemda ved stiftelsen Møreforsking er fordelt på følgjande hovudområde: Fiskeri og havbruk, velferdsforskning (ungdoms-, utdannings- og helse- og sosialforskning), planlegging, organisasjon og styring (regional utvikling, næringsutvikling og evaluering av offentleg verksemd) og media og informasjon. Dessutan blir det arbeidd med å bygge opp forskning innanfor maritim sektor i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund og SINTEF. Dette er eit viktig satsingsområde sett i høve til næringsstrukturen i Møre og Romsdal.

Hovudområda for Møreforsking Molde AS er transportøkonomi, logistikk for privat og offentleg sektor, og evaluering, utgreiing og analyse av offentlege tiltak og verkemiddel.

I 2006 er det satsa vidare på å kome i betre inngrep med EU-forskinga. Dette resulterte i eitt nytt prosjekt innanfor EU's 6. ramme-program. Samla var Møreforsking deltakar på tre prosjekt innanfor rammeprogrammet.

Stiftelsen har to strategiske instituttprogram (SIP) frå Forskingsrådet. Dette gjeld "Auka verdiskaping av marine ressursar gjennom utnytting av ny teknologi", knytt til Møreforsking Ålesund og "Kommunikativ planlegging og utvikling", knytt til Møreforsking Volda. Det første SIPet har som mål å vidareutvikle kompetansen innanfor marin bioteknologi og transport av levande sjømat. Det andre SIPet er retta mot planlegging i offentleg sektor med særleg vekt på strategisk og mobiliserande planlegging. Strategiske instituttprogram spelar



Direktør Bjørn Stave.

ei viktig rolle for kompetanseoppbygginga ved instituttet. Begge programma skal avsluttast i 2007.

## Økonomi

Årsrekneskapen legg til grunn vidare drift av konsernet Møreforsking. Selskapet har hatt følgjande økonomiske utvikling dei siste åra:

<b>2006</b>	
Omsetning	27,56 mill. kr
Årsresultat	0,35 mill. kr
Eigenkapital 31.12.	14,70 mill. kr

<b>2005</b>	
Omsetning	28,26 mill. kr
Årsresultat	0,52 mill. kr
Eigenkapital 31.12.	14,36 mill. kr

<b>2004</b>	
Omsetning	27,83 mill. kr
Årsresultat	1,37 mill. kr
Eigenkapital 31.12.	13,84 mill. kr

Styret vurderer det slik at oversynet gir eit korrekt bilete over utviklinga, resultatet og selskapet si stilling. Grunnlaget for drifta ved inngangen til 2007 er tilfredsstillande både økonomisk og i høve til oppdragsdekninga. Men det ligg likevel ei utfordring i at nokre av arbeidsområda har ei svakare oppdragsdekning enn ønskeleg.

Driftsinntektene for stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var på høvesvis 16,63 mill. kroner og 11,48 mill. kroner. Rekneskapen viser eit årsresultat for konsernet med eit overskot på kr 346 168. Dette er sett saman av eit negativt årsresultat på - kr 771 173 for stiftelsen Møreforsking og eit positivt årsresultat på kr 1 117 340 for Møreforsking Molde AS.

Av samla konserninntekter var 2,15 mill. kroner eller 7,8 % grunnfinansiering frå Noregs forskingsråd. I tillegg hadde konsernet tilskot frå Forskingsrådet på 2,116 mill. kroner til strategiske instituttprogram (SIP) og 1,370 mill. kroner i generelle midlar frå Møre og Romsdal fylke.





Styret i Møreforskning i 2006. Frå venstre: Reidun Høydal, Iren Stoknes, Lars J. Halvorsen, Bjørn Stave (direktør), Ottar Ohren, Bergljot Landstad, Odd Folland (leiar), Gerd Slinning. Kjell Fevåg og Knut Stenerud (nestleiar) var ikkje til stades då biletet vart teke.

For konsernet har det i perioden 1997-2006 vore følgjande utvikling i fordelinga av prosjektinntektene etter kategoriar oppdragsgivarar:

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Statleg sektor	33 %	30 %	25%	21%	35%	36%	35%	39%	37%	40% <sup>1)</sup>
Kommunal sektor	7 %	3%	11%	9%	11%	14%	12%	13%	12%	14%
Næringsliv, organisasjonar, andre	23 %	32 %	27%	38%	22%	24%	23%	21%	27%	24%
Forskningsrådet	37 %	35 %	37%	32%	32%	26%	30%	27%	24%	18%
Utlandet										4%

1) Inkluderer midlar frå Innovasjon Norge. Desse utgjorde 4,5% av prosjektinntektene i 2006.

### Perspektiv framover

I instituttsektoren opplever vi i dag aukande konkurranse både nasjonalt og i stadig større grad internasjonalt. Samstundes er det klare forventningar til institutta i høve til utvikling av internasjonalt samarbeid. Dette stiller store krav til forskingsmiljøa når det gjeld tilgang på høg fagleg kompetanse, utvikling av nye faglege nettverk og økonomiske ressursar som gjer aktuelle og ofte risikofylte satsingar mogleg. Parallelt med utfordringane nasjonalt og internasjonalt er det ei utfordring for Møreforskning å styrke rolla som deltakar i det regionale innovasjonssystemet. I denne samanhengen vil det m.a. vere viktig å få ein sentral posisjon i

høve til det nye programmet for regional forskning og innovasjon (VRI) som Forskningsrådet vil lansere i 2007. Omorganiseringa av Møreforskning til aksjeselskap vil styrke føresetnadene for å møte dei nemnde utfordringane ved legge eit godt grunnlag for utvikling av eit sterkare og meir samla forskingsmiljø som kan utviklast innanfor felles strategiar for Møreforskning og dei tre høgskolane i regionen.

Rammevilkåra og dermed konkurransevilkåra i instituttsektoren er svært ulike. Styret ser derfor positivt på det arbeidet som er gjort i regi av Forskningsrådet med sikte på

innføring av eit nytt system for basisløyving som skal gjelde heile sektoren. Det er viktig at Forskningsrådet aktivt brukar det nye systemet til å fjerne urimelege skilnader i nivået på basisløyvinga. Styret meiner også at det er viktig at dei regionale institutta er inkluderte i systemet og gjennom det blir kvalitetsvurderte på same måte som instituttsektoren elles.

Møreforskings viktigaste ressurs er ein motivert og fagleg solid stab. Styret vil takke alle tilsette for engasjement og god innsats i året som gjekk.

Volda, 31.12.06/17.4.07

Odd Folland  
leiar

Knut Stenerud  
nestleiar

Kjell Fevåg

Lars J. Halvorsen

Reidun Høydal

Bergljot Landstad

Ottar Ohren

Gerd Slinning

Iren Stoknes

Bjørn Stave  
direktør

# Resultatrekneskap

Utdrag<sup>1)</sup>

Stiftinga 2006	Stiftinga 2005	Møreforsking	Konsern 2006	Konsern 2005
<b>Driftsinntekter</b>				
18 272 037	16 285 951	Driftsinntekter	29 459 388	26 050 720
-1 644 090	1 919 699	Endring oppdrag i arbeid og forsk.fakt.	-1 899 844	2 211 126
16 627 947	18 205 650	<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	27 559 544	28 261 846
<b>Driftskostnader</b>				
2 194 497	3 832 153	Direkte prosjektkostnader	3 063 188	4 905 742
12 500 250	12 020 077	Personalkostnader	19 959 840	18 888 847
239 114	217 199	Avskrivning	307 908	313 344
2 813 662	2 658 930	Andre driftskostnader	4 288 583	3 866 118
17 747 524	18 728 359	<b>Sum driftskostnader</b>	27 619 518	27 974 051
-1 119 577	-522 709	<b>Driftsresultat</b>	-59 974	287 795
348 404	208 317	<b>Netto finanspostar</b>	406 142	230 908
-771 173	-314 392	<b>Årsresultat</b>	346 168	518 703
		Av dette minoritetsint. sin resultatandel	547 497	408 217
		<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>	<u>-201 329</u>	<u>110 486</u>

## Balanse

Utdrag<sup>1)</sup>

<b>Eige</b>				
5 208 028	5 329 970	Anleggsmidler	2 029 051	2 169 797
16 907 076	16 434 961	Omlaupsmidler	23 927 116	21 886 166
21 115 104	21 764 931	<b>Sum eige</b>	25 956 167	24 055 963
<b>Eigenkapital og gjeld</b>				
300 000	300 000	Innskoten eigenkapital	300 000	300 000
13 448 933	14 220 106	Opptent eigenkapital	14 404 211	14 058 044
8 366 171	7 244 824	Gjeld	11 251 956	9 697 919
22 115 104	21 764 931	<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	25 956 167	24 055 963

<sup>1)</sup> Fullstendig årsrekneskap og revisjonsmelding kan ein få ved å vende seg til Møreforskings administrasjon, PB 325, 6101 Volda

Volda, 31.12.2006/17.04.2007

Odd Folland  
*leiar*

Knut Stenerud  
*nestleiar*

Bergljot Landstad

Lars J. Halvorsen

Iren Stoknes

Ottar Ohren

Gerd Slinning

Kjell Fevåg

Reidun Høydal

Bjørn Stave  
*direktør*

# Møreforskning Ålesund

## Generelt

Møreforskning Ålesund (MFÅ) har lokaler ved sjøen i Gangstøvika, i nær tilknytning til Høgskolen i Ålesund sine anlegg innen havbruk og foredling.

MFÅ har sin hovedkompetanse innen anvendt forskning. En stor del av aktiviteten foregår i samarbeid med regionale bedrifter.

## Forskningsområder

Det aller meste av arbeidet er innenfor fiskeri og havbruk. En mindre oppdragsaktivitet pågår innen miljø- og materialteknologi.

Arbeidet innen fiskeri og havbruk spenner over hele næringskjeden fra biologisk og ressursforskning, over fangst og foredling til produktutvikling og marked. Det er et utstrakt samarbeid med forskningsinstitusjoner nasjonalt og internasjonalt. Samarbeidsavtaler er inngått med Havforskningsinstituttet, SINTEF Fiskeri og havbruk AS og med AKVA-FORSK.

MFÅ har støtte fra Forskningsrådet til et strategisk instituttprogram for å styrke kompetansen innen marin bioteknologi og lagring/transport av levende sjømat.

## Personale

Ved årsskiftet hadde avdelingen 14 personer med Møreforskning som sin hovedarbeidsgiver, og det ble utført totalt 14,5 årsverk.

## Økonomi

MFÅ hadde 9,2 mill. kroner i inntekter. Grunnbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 8,6%. De øvrige inntekter var fra strategisk instituttprogram og prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige instanser.

## Spennende fisk i dyphavet



Lurer du på hvor du kan fiske dyphavsfisk, hvordan de merkelige fiskene ser ut, eller hvordan du bør foredle og servere de velsmakende fiskene fra dyphavet? Svarene finner du i Møreforskings bok "Dyphavsarter fra Nord-Atlanteren".

Boka gir ny viten om dyphavsfisk og potensialet i dyphavet, både til faglig og allmenn bruk. Boka er et nyttig redskap for mannskap om bord i båter som driver dyphavsfiske, for foredlings- og eksportbedrifter og kunder i markedet og andre som er interesserte i dyphavsfiske. Utbredelse, fiskeri og fangstbehandling for fiskeartene er grundig beskrevet og illustrert med unike bilder. Det finnes også forslag til matoppskrifter basert på eksklusiv dyphavsfisk – så her er det muligheter for å trylle fram de lekreste retter. Vår erfaring er at til "styggere" fisken ser ut – til bedre smaker den!

## Oppdrettstorsken gir nye muligheter

Oppdrett av torsk er en ny næring i stor vekst. Prognosene for 2010 er på 25.000 tonn. Utnyttelse av restråstoff fra oppdrettstorsk er trolig nøkkelen til å oppnå lønnsomhet i næringa. Restråstoff fra oppdrettstorsk har en unik ferskhetsgrad som gir mange produktmuligheter innenfor konsum, fôr, ingrediens- og farmasøytisk industri. Fiskehoder, lever, mager, rogn, milt, skinn og avskjær er aktuelle produktvarianter. Det arbeides også med å utvikle nye konsument-tilpassede produkter av koteletter fra oppdrettstorsk.

Møreforskning samarbeider med en rekke oppdrettere, produksjonsbedrifter og eksportører for å øke verdiene fra oppdrettstorsken. Det er også etablert samarbeid med nordiske bedrifter og FoU-institusjoner.





## Kongekrabbekaviar - en ny delikatesse



Den omdiskuterte kongekrabben kan bli utgangspunkt for neste generasjons eksklusive kaviar. Mulighetene er mange for dette attraktive råstoffet som det nå er tilgang på etter at myndighetene åpnet for fritt fiske av kongekrabbe vest for Nordkapp.

I samarbeid med Møreforsking har Gamvik Seafood AS startet utvikling av et nytt produkt fra den arktiske kongen; kongekrabbekaviar. Målet med prosjektet er å kartlegge kvaliteten på råstoffet gjennom året og å skape et høykvalitetsprodukt. Foreløpige tester,

gjennomført av profilerte kokker fra blant annet kokkekonsulentfirmaet Flavours, har gitt kaviar fra kongekrabber og gode karakterer. Arbeidet er finansiert gjennom Innovasjon Norges bedriftsutviklingsprogram.

## Krepsefiske

En betydelig mengde fisk er bifangst når det tråles etter kreps i Møre og Romsdal. Møreforsking har i samarbeid med Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet og Møre og Romsdal Fiskarlag samlet inn data som er nyttig i arbeidet med å forvalte krepsebestanden på en god måte.

Resultatene viste at breiflabb og lysing utgjorde nesten 70% av den totale fangsten, og at det var under 7% kreps på vektbasis. Selve fangstverdien av sjøkreps var imidlertid høy siden det er stor etterspørsel og god betalingsevne i markedet. Det viste seg ellers å være en ubetydelig mengde "undermålsfisk" i fangstene. Fiskeridirektoratet har finansiert arbeidet.



## Blåkveite

### – en verdifull ressurs

Møreforsking har siden 1992 samarbeidet med Grønlands Naturinstitutt om forsknings- og utviklingsprosjekt i grønlandske farvann. Dette forskningsarbeidet er et ledd i fiskeriavtalen som Norge har med Grønland.

Hvert år samles det viktige biologiske data fra det verdifulle blåkveitefisket i Grønlandske farvann. Norske fiskere tar del i dette fiskeriet, og flere forskningstokt og utviklingsoppgaver har vært gjennomført i et nært samarbeid med norske fiskebåtrederier. Havforskningsinstituttet er en sentral partner i dette arbeidet.



*Iren Skjåstad Stoknes.  
Adm.leder/forskningsleder.*

### Administrasjon

Dr. ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder  
Siv.øk. Gunnar Gundersen, førstekons.  
Ing. Harald Inge Haagenen, IT-ansv.

### Fiskeri og Havbruk

#### Gruppeleder

Dr.ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder

#### Vitenskapelig personell:

Cand.sci. Jan Erik Dyb, forsker III  
Master of int. business Brynjolfur Eijolfsson, forsker III  
Fiskerikand. Kari L. Fjortoft, forsker III  
Cand.sci. Inge Fossen, forsker III/  
stipendiat HiÅ  
Dr.sci. Agnes C. Gundersen, forsker II  
Høgskolekand. Ann H. Hellevik, vit.kons.  
Fiskerikand. Margareth Kjerstad, forsker III  
Bioing. Wenche E. Larssen, vit.kons.  
Siv.ing. Jannicke F. Remme, forsker III  
Cand.mag. Jan Erich Rønneberg, vit.kons.  
Dr.sci. Marianne Synnes, forsker II  
Cand.sci. Stig Tuene, forsker III  
Cand.real Astrid K. Woll, forsker III  
Dr.sci. Grete H. Aas, forsker II

### Materialteknologi

Dr. ing. Geirmund Oltedal, 1. aman. HiÅ  
Mekaniker Andre Tranvåg, HiÅ  
Dr.ing. Vilmar Æsøy, 1.aman. HiÅ

# Møreforskning Volda

## Generelt

Møreforskning Volda (MFV) held til på same område som Høgskulen i Volda, og har nært samarbeid og fagleg tilknytning til høgskulen. Mesteparten av verksemda ved MFV er oppdragsforskning.

## Forskningsområde

MFV arbeider hovudsakleg med forskingsprosjekt knytte til områda:

- Regional utvikling
- Velferdsforskning, inkludert utdanningsforskning

Det er også noko oppdragsverksemd innanfor andre område, som til dømes mediefag.

Dei viktigaste oppdragsgjevarane er Norges forskingsråd og offentleg forvaltning på kommune-, fylkes- og statleg nivå. MFV hadde i 2006 også fleire internasjonale prosjekt, som er finansierte gjennom EU-systemet.

På feltet regional utvikling er forskinga retta mot regional utvikling i vid meining, til dømes utvikling av offentlege organisasjonar, næring og det sivile samfunnet. Professor Jørgen Amdam er gruppeleiar på dette forskingsområdet. Det strategiske instituttprogrammet (SIP) som er finansiert av Forskningsrådet i perioden 2002-2007, høyrer til her.

På området Velferdsforskning har MFV hatt prosjekt på felta ungdom og utdanning og helse- og sosial. Fellesnemnar for mange av prosjekta har vore marginalisering og sosial ekskludering. Når det gjeld ungdom og utdanning, har nokre av prosjekta over tid bygt på lange tidsseriar av data. Forsking knytt til psykisk helsevern i kommunane har vore eit anna viktig forskingstema. I løpet av 2006 har MFV også sett i gang eit stort prosjekt retta mot folkehelse.

## Personale

I 2006 hadde Møreforskning Volda ti tilsette. I tillegg har ti personar hatt engasjement eller bistillingar i 2006. Dei fleste av dei sistnemnde er tilsette ved Høgskulen i Volda. Samla vart det utført 9 årsverk. Else Ragni Yttredal tok til i stillinga som administrativ leiar ved Møreforskning Volda 1. januar 2006.

## Økonomi

MFV hadde i 2006 bruttoinntekter på 5,898 mill. kroner. Grunnløyvinga frå Norges forskingsråd utgjorde knapt 10 % av bruttoinntektene. I tillegg finansierer Forskningsrådet også eit strategisk instituttprogram (SIP). Elles er inntektene til MFV henta frå oppdragsverksemd.

## Kartlegging av tidleg oppstart med nye læreplanar



Læreplanreforma Kunnskapsløftet vart innført frå og med skuleåret 2006-2007. Kommunar og grunnskular hadde, etter søknad, høve til å ta i bruk heile eller delar av reforma frå og med skuleåret 2005-2006. På oppdrag for Utdanningsdirektoratet gjennomførte Møreforskning Volda ei kartlegging blant 202 skular som starta med nye læreplanar hausten 2005.

Kartlegginga viser at det er metodefridom, målformuleringar og kunnskapsmål i tilknytning til L06 som vert vurdert som dei største endringane samanlikna med L97. Det ser ut til at ungdomsskulelærarar, som gjerne har faglærarkompetanse, føler seg sikrere og tryggare i det lokale planleggingsarbeidet enn kva allmennlærar på barnetrinnet gjer. Dette gjeld særleg på dei lågaste stega, der lærarane ofte følgjer elevane i alle faga. L06 er ei særleg utfordring for lærarar ved små skular, fordi lærarane der oftast har mange/alle fag og underviser på fleire årssteg. Som følgje av Kunnskapsløftet er behovet for hjelpemiddel og kurs/kompetanse særleg stort når det gjeld metodar, læringsstrategiar og læringsstilar. Manglande IKT-kompetanse, mangel på støttefunksjonar, tilstrekkeleg og oppdatert utstyr er ei utfordring for mange skular. Kartlegginga viser at foreldra først og fremst er blitt orienterte gjennom foreldremøte, og at foreldresamarbeidet i liten grad er endra som følgje av oppstart med L06. Fleire av skulane oppfattar seg sjølve som endringsorienterte, og meiner at endringar som skulen er inne i ikkje har direkte samband med Kunnskapsløftet. Såleis kan ein spørje om det er L06 eller trendar i samfunnet generelt som ligg til grunn for endringar i skulane.

## ENABLING European Entrepreneurship (ENABLE)

Prosjektet ENABLE er eit EU-prosjekt som er gjennomført i samarbeid mellom dei fire Europeiske regionane: Kärnten i Østerrike, Kaunas i Litauen, Thüringen i Tyskland og Vestlandet i Norge. Felles for partnerregionane er at dei er plasserte utanfor dei økonomiske sentra i sine respektive land. Føremålet med ENABLE har vore å støtte samarbeidsprosjekt mellom regionane som anten promoterer teknologioverføring, nettverkssamarbeid eller etableringa av små og mellomstore bedrifter. Til saman har 21 prosjekt motteke støtte gjennom ENABLE. Møreforskning Volda har hatt ansvaret for å evaluere desse prosjekta, der evalueringa er retta mot gjennomføring i forhold til målsetjingane, varige effektar av prosjekta, vidareføring av interregionalt samarbeid, samt



å kartlegge vanlege utfordringar og suksessfaktorar. Evalueringa er gjennomført i to fasar i form av ei midtvegs- og ei sluttevaluering. Evalueringa tyder på at dei fleste prosjekta oppnådde målsetjingane og at mange av prosjektsamarbeida vil bli vidareførte etter prosjektperioden. Samtidig viser evalueringa at samarbeid av denne typen er svært sårbare for utskiftingar av nøkkelpersonell, og at kulturelle og strukturelle skilnader mellom partnarane og korte tidsfristar kan skape store utfordringar i etableringsfasen.

## Heilskapleg satsing på entreprenørskap som utviklingsstrategi

Møreforskning har evaluert tiltaket "Heilskapleg satsing på entreprenørskap som utviklingsstrategi" på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke. Satsinga har vore gjennomført som tre sjølvstendige prosjekt i kommunane Halså, Surnadal og Tingvoll. I oppsummeringa av prosjektet heiter det mellom anna: Ambisjonane i prosjektet har vore store, med stikkord som heilskapleg satsing, breidde, samarbeid og nyskaping. Det har vore mange aktivitetar knytte til arbeidet med prosjektet. Det heilskapelege perspektivet har vore mest synleg i forhold til aktivitetar knytte til samspelet mellom næringsliv og skule og lokalsamfunnsprosjekt. Vidare blir det sagt at: Det er gjennom prosjektet gripe tak i eit haldningsskapande arbeid. Dette er viktig arbeid, ikkje minst sett i lys av at det er snakk om eit område av Møre og Romsdal der det i ulike samanhengar har vore uttrykt at det er behov for å endre haldningar og tenkemåtar til næringsutvikling. I prosjektet er det gjort grep som har ført til at ein har kome i gang med eit slikt haldningsskapande arbeid. Dette gjeld tiltak som også er institusjonaliserte, og som slik sett har potensiale for eit liv etter prosjektslutt.



*Heilskapleg satsing på entreprenørskap handlar om å møtast i kreativ samhandling. Her er det ei gruppe frå eitt av møta i Halså som prøver dette ut i praksis gjennom bygging av tårn i spagetti og skumputer. Foto: Ragnhild Tunheim Godal.*



*Else Ragni Yttredal,  
adm. leiar*

### Administrasjon

Cand.polit. Else Ragni Yttredal, administrativ leiar  
Anne Aarskog, førstekonsulent (permisjon fram til 15.9.2006)  
Linda Brekke (vikar fram til 15.9. 2006)  
Marit Eliassen, konsulent

### Forskarar

Dr. scient Jørgen Amdam, gruppeleiar og professor HVO  
Dr. agric Roar Amdam, professor HVO  
Dr. polit Kari Bachmann, førsteamanuensis HVO  
Master i samfunnsplanlegging, Johan Barstad, forskar III  
Cand.polit Randi Bergem, forskar III  
Dr.polit Finn Ove Båtevik, forskar II  
Siviløkonom Inge Dyrhol, amanuensis HVO  
Dr.psychol Tor-Johan Ekeland, professor HVO  
Cand.polit. Idar Flo, forskar III  
Cand.polit Lars J. Halvorsen, stipendiat  
Mag.dr. Nathalie Homlong, førsteamanuensis HVO  
Dr.polit Marit Kvangarsnes, førsteamanuensis Høgskolen i Ålesund  
Ph.D. Paul Mitchell-Banks, forskar II  
Dr. polit Jon Olav Myklebust, professor HVO  
Cand.polit. Grethe Mattland Olsen, stipendiat HVO  
Cand.mag. Susanne Moen Ouff, vitskapleg konsulent  
Ph.D Per Stangeland, forskar I  
Cand.polit. Geir Tangen, forskar III  
Cand.polit Else Ragni Yttredal, forskar III

# Møreforskning Molde AS

## Generelt

Møreforskning Molde AS (MFM) eies av Stiftelsen Møreforskning og Høgskolen i Molde (HiMolde). MFM har et tett samarbeid med HiMolde om utvikling av FoU-nettverk nasjonalt og internasjonalt og utvikling av samarbeid med regionens næringsliv og forvaltning. HiMolde har gjennom dr.gradsutdanning (logistikk) og mastergradsundervisning innen flere fagdisipliner en vesentlig oppgave i forskerutdanningen, mens MFM er miljøets oppdragsenhet for anvendt FoU.

## Styret for MFM



Fra venstre: Odd Folland, Maria Sandsmark, Ottar Ohren (styreleder), Lasse Bræin (daglig leder), Anne Breiby og Knut Stenerud (nestleder).

## Virksomhetsområder i MFM

Møreforskning Molde arbeider innen fagområdene:

- Transportøkonomi
- Logistikk
- Næringsøkonomi
- Samfunn/Organisasjon/Ledelse

## Personell

Selskapet har i snitt hatt 18 ansatte i hel- eller deltidsstillinger, og i 2006 ble det totalt utført ca 14,0 årsverk.

## Økonomi

MFM hadde 11,478 mill. kroner i inntekter i 2006. Basisbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 7 % av de totale inntektene. De øvrige inntektene er fra prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige oppdragsgivere.

## Kunnskapsparken

MFM har kontorer i Kunnskapsparken. Her holder også Molde Kunnskapspark AS til, et selskap som arbeider med nyskaping og utvikling bl.a. gjennom en inkubator for nyetablerere. MFM deltar i dette arbeidet.

## Et samfunnsøkonomisk perspektiv på trafikksikkerhetsforskning i Sverige



På oppdrag fra Vinnova (Innovasjonsverket i Sverige) har TØI (Transportøkonomisk Institutt) og MFM gjennomført to evalueringer av større omfang. Den første var en analyse (2004) av nakkeskedeforskningen ved Chalmers, og den andre en analyse (2006/07) av effekter av svensk trafikksikkerhetsforskning etter 1970. I begge oppdragene er det lagt vekt på å beskrive effektene av offentlig finansiering for forskningen, for foretakene og for samfunnet.

Nakkeskedeforskningen har vært nært knyttet til bilindustrien i Gøteborgområdet, og mange offentlige og private aktører har bidratt både økonomisk og faglig til utvikling av skadereduserende tiltak i biler. Det anslås store samfunnsøkonomiske gevinster med denne forskningen som har bidratt til at det i dag fortsatt er en betydelig kompetanse innen sikkerhet i bil og fortsatt en vesentlig bilindustri i Sverige. Vinnova satser nå 50 mill. kr

over 5 år for å videreutvikle SAFER – et senter knyttet til Chalmers – med visjon å være et nav med internasjonal drakraft for forskning om kjøretøy- og trafikksikkerhet i virkelig trafikkmiljø. SAFER skal fungere som en bred plattform for multi-disiplinær forskning, der interessenter fra ulike deler av samfunnet kan samvirke.

## Bedriftssamarbeid og kjøpe/lage-vurderinger

Molde Kunnskapspark (MK) tok for noen år siden tak i problemstillingen knyttet til at outsourcing av produksjon fra vår lokale industri til lavkostland kan medføre forvitring av industrimiljø og tap av arbeidsplasser lokalt. Samtidig er det for alle bedrifter nødvendig å arbeide systematisk med verdikjedeforbedring, og effektivisering av samhandlingen mellom egen bedrift og eksterne leverandører og kunder. MFM har samarbeidet med MK, Høgskolen i Molde og fire lokale bedrifter om gjennomføring av et prosjekt der casebedriftene har arbeidet seg gjennom slike problemstillinger i egen drift. De sentrale fagelementene har vært vurdering av strategiske forhold, bedriftsøkonomiske forhold, endret logistikk og organisering og administrasjon av samarbeid med nye eksterne samarbeidspartnere. På grunnlag av teori og erfaringer fra casebedriftene er det innenfor prosjektet utarbeidet metodikk og verktøy for systematisk arbeid med verdikjedeforbedring i bedrifter.

## Gratis ferjer?

Møreforskning Molde AS har på oppdrag fra Samferdselsdepartementet analysert konsekvensene av å gjøre bruk av ferjer gratis. Dette kan få betydelige økonomiske konsekvenser, særlig dersom ferjetakstene fjernes i alle samband. Det utløses både vesentlige nyttevirkninger, og vesentlige kostnadsøkninger, der summen tilsier at en gjennomføring på bred front sannsynligvis ikke vil være samfunnsøkonomisk lønnsom. Det er usikkerhet knyttet til de beregnede virkningene, men det er hevet over rimelig tvil at ved å velge trafikksvake samband der tilskuddene er høye i utgangspunktet så vil en stå ovenfor en relativt begrenset risiko knyttet til en vesentlig økning i tilskuddene. En slik variant er med en betydelig grad av sannsynlighet samfunnsøkonomisk lønnsom,



noe som skyldes at kapasiteten i disse sambandene er ganske god. Vi har forslått at et opplegg med gratis ferjer eventuelt kan prøves ut i et begrenset antall samband for å vinne erfaringer. Vi mener at den største usikkerheten er knyttet til merkostnader som følge av behov for kapasitetsøkning. Vi tror at de kostnadene kan være lavt anslått fordi vi i prinsippet har regnet med at en kontinuerlig kapasitetsvekst er mulig, mens den i praksis oftest vil være sprangvis slik at sektoren i perioder vil ha en viss overkapasitet som ikke er fullt ut beregnet. Rapporten ble overlevert samferdselsministeren i mars 2007.


## Havfiskeflåten - fra fri fisker til regulert spesialist (1960-2006)

MFM har vært tungt inne i arbeidet med bind 2 i et større tobindsverk om havfiskeflåten historie i Møre og Romsdal og Trøndelag utgitt på Tapir akademiske forlag i desember 2006. Prosjektet ble til gjennom et samarbeid mellom Aalesunds Rederiforening og fem forskere knyttet til MFM, Høgskolen i Molde og Høgskulen i Volda, og markerte samtidig Aalesunds Rederiforenings hundreårsjubileum.

Bind 2 "Fra fri fisker til regulert spesialist" omhandler perioden 1960–2006. Det vokste fram en spesialisert havfiskeflåte for torskefiske og pelagisk fiske med høyteknologiske båter som opererte over store avstander. Strukturen i flåten slik vi kjenner den i dag satte seg i all hovedsak i løpet av 1960-årene. I spissen for en omfattende modernisering sto skipperrederier. Skipper var eier, eller skipper og bas hadde stor innflytelse i rederiene med sin kompetanse. Rundt skipperrederiene vokste det fram en sterk maritim og marin næringsklynge, og kunnskaper ble overført til nye næringer som offshore og havbruk.

Fra begynnelsen av 1970-tallet ble næringen gjennomregulert nasjonalt og internasjonalt. Kapasiteten var for stor og flere fiskebestander var truet. Havfiskeflåten måtte struktureres gjennom å ta ut kapasitet for å gjøre det mulig å forvalte ressursene fornuftig av lønnsomme rederier. Samtidig slet flåten med knappe kvoter og innskrenkninger i fiskeriene. Flåten viste en betydelig evne til innovasjon og omstilling, og utviklet nye fiskerier.

Strukturering og innovasjon medførte at Møre og Romsdal fikk et fiskeri med stor bredde i utnyttelsen av ulike fiskeslag. Regionen forble fiskeriavhengig og styrket sin posisjon som fiskeriregion. Havfiskeflåten ble samtidig sentral i utviklingen av den maritime næringsklyngen. Men samtidig viser bind 2 at havfiskemiljøene nå er blitt færre og mer geografisk konsentrerte, og forfatterne stiller spørsmålet om havfiskeflåten framover kan spille den samme rollen som en motor i den regionale utviklingen.



Båten "Kvitingen" som er omtalt i historieverket.



Daglig leder: Lasse Bræin.

### Adminstrasjon

Daglig leder: Lasse Bræin  
Førstekonsulent: Tone Finnøy Straumsheim

### Forskningsledelse

Transportøkonomi: Dr.ing. Svein Bråthen  
Logistikk: Dr.ing. Oddmund Oterhals  
Næringsøkonomi: Professor Arild Hervik

### Vitenskapelig personell med tilsetning i MFM på hel eller deltid

Stud.siv.øk. Bjørn Greger Bergem, rådgiver  
Cand.polit. Ove Bjarnar, forsker  
Cand.polit. Helge Bremnes, forsker  
MSc og executive MBA Lasse Bræin, forsker  
Dr.ing. Svein Bråthen, forskningsleder/  
førsteamanuensis HiMolde  
Dr.oecon. Arnt Buvik, professor HiM  
Dr.polit. Hallgeir Gammelsæter, professor HiM  
Fred Graham, seniorrådgiver (fra 20.9.06)  
Cand.oecon. Arild Hervik, forskningsleder/professor  
HiM  
MSc GIS Jan Husdal, forsker  
Dr.oecon. Kjell Jansson, forsker  
Siv.øk. HAE Roar Lervik, seniorrådgiver/  
prosjektleder M&R fylke  
PhD Logistics Arnt-Gunnar Lium, forsker  
(fra 28.8.06)  
Cand.polit., samfunnsøkonom Lage Lyche, forsker  
(permisjon fra 1.9.06)  
Dr.polit., samfunnsøkonom Erik Nettet, forsker /  
førsteamanuensis HiÅ  
Dr.oecon. Asmund Olstad, forsker/førsteamanuensis  
HiM (fra 11.12.06)  
Dr.ing. Oddmund Oterhals, forskningsleder  
Cand.polit., samfunnsøkonom Jens Rekdal, forsker  
Cand.oecon. Mette Rye, forsker (permisjon fra 1.9.05)  
MA Transport Economics Edvard T. Sandvik,  
forsker (sluttet 31.5.06)  
Dr. polit., samfunnsøkonom Maria Sandsmark,  
forsker

### Høgskoleansatte som har deltatt i prosjektarbeid

Dr.polit. Dag Magne Berge, førsteamanuensis HiM  
Ph.D Information Science Judith Molka-Danielsen,  
førsteamanuensis HiM  
Cand.polit. Ingunn Gjerde, amanuensis HiM  
Siv.øk. HAE Bjørn Guvåg, førsteamanuensis HiM  
Dr.oecon. Øyvind Halskau, førsteamanuensis HiM  
PhD, samfunnsøkonom Harald M.Hjelle,  
førsteamanuensis HiM  
Dr.polit. Beinta í Jákupsstovu, førsteamanuensis HiM  
Cand.polit. Eli Kjersem, timelærer HiM  
Cand.oecon. Odd I. Larsen, professor HiM  
Dr.scient. Arne Løkketangen, professor HiM  
Cand.polit. Lars Rønhovde, amanuensis HiM  
Stud. dr.polit. Turid Aarseth, amanuensis HiM



# Møreforsking tilbyr:

## Forsknings- og utviklingsoppdrag

Møreforsking tar på seg forsknings- og utviklingsoppdrag på dei områda som er nemnde under omtalen av dotterselskapet og dei to forskningsavdelingane. Oppdragsgivarar er i første rekkje Forskringsrådet, Innovasjon Norge, privat næringsliv og offentleg forvaltning.

Vi yter hjelp til utvikling av nye prosjekt. Dette inneber mellom anna arbeid med å formulere og organisere prosjekt, og å finne fram til aktuelle finansieringskjelder og aktuelle fagmiljø på område der vi sjølve ikkje har nødvendig kompetanse.

## Kontakt med brukarane

Møreforsking legg vekt på god kontakt og nært samarbeid med oppdragsgivarar og andre brukarar av forskning. Det viser seg at dette er viktig for å få i gang ny forskning, for gjennomføring av prosjekta og for formidling av forskingsresultata. Ta difor gjerne kontakt med oss dersom du har aktuelle forskningsbehov eller idear til prosjekt som du ønskjer å drøfte.

## Informasjon og formidling

Forskinga frå stiftelsen blir formidla gjennom bøker, artiklar i tidsskrift, rapportar og foredrag og gjennom radio, aviser og fjernsyn.

Møreforsking, Hovudkontoret  
Postboks 325, 6101 Volda  
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01  
Heimeside: [www.moreforsk.no](http://www.moreforsk.no)  
E-post: [moreforskning@moreforsk.no](mailto:moreforskning@moreforsk.no)

Kontaktperson:  
Direktør Bjørn Stave

### Avdelingar

Møreforsking Volda  
Postboks 325, 6101 Volda  
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01  
Heimeside: [www.moreforsk.no](http://www.moreforsk.no)  
E-post: [moreforskning@moreforsk.no](mailto:moreforskning@moreforsk.no)

Møreforsking Ålesund  
Postboks 5075, 6021 Ålesund  
Telefon: 70 11 16 00. Faks: 70 11 16 01  
Heimeside: [www.moreforsk.no](http://www.moreforsk.no)  
E-post: [epost@mfaa.no](mailto:epost@mfaa.no)

### Dotterselskap

Møreforsking Molde AS  
Britvegen 4, 6411 Molde  
Telefon: 71 21 42 90. Faks: 71 21 42 99  
Heimeside: [www.mfm.no](http://www.mfm.no)  
E-post: [mfm@himolde.no](mailto:mfm@himolde.no)

Adm. leiar:  
Cand.polit. Else Ragni Yttredal

Adm. leiar/forskningsleiar:  
Dr.ing. Iren Skjåstad Stoknes

Dagleg leiar:  
Siv.ing. Lasse Bræin